Referat frå oppstartsmøte for: E134 Bøgrend - Særensgrend	
Plantype Detaljreguleringsplan Områderegulering Reguleringsendring	 X
PlanID: 20220003	**Eigedom:**
Møtedato: 16.12.2022	**Sakshandsamar: Åsmund Ringhus Nordheim**

Deltakarar	
Forslagsstillerar:	Vinje kommune:
Dag Rune Kvålen	Åsmund Ringhus Nordheim
Turid Hagelia Korshavn	Tove Bringsvær
	Jan Myrekrok
	Åsne Skjøteskift Øygarden

Bakgrunn
Bakgrunnen for planarbeidet er primært å utbedre veg og sideterreng for å sikre framkommeligheten for personar og gods, redusere trafikkulukker og skadeomfang om ulukka først er ute og redusere klimagassutslepp

Planstatus	
Kommuneplanens arealdel	Ja, Delvis framtidig spredt boligbebyggelse og LNF

Er planforslaget i tråd med overordna plan	
Ja	Delvis

Planområde	
Planområde er langs E134 frå Bøgrend til Særensgrend	

Konsekvensutgreiing
Ikkje naudsynt

Kommunens vurdering av om kravet til fagkyndighet er oppfylt	Ja
Er det aktuelt med regionalt planforum ?	nei

ROS-analyse : Planadministrasjonen blir ikkje med og drøftar sansyn og konsekvens i samband med ROS-analyser.

Tema (sjå også nedanfor)	
Drikkevatn – kapasitet, hygienisk	• Sjekke at arbeider ikkje påverkar drikkevasskjelder under anleggsperioden og i driftsfasen • Statens vegvesen må kartleggje private drikkevasskjelder i området
Renovasjon	• Sjekke om arbeider påverkar renovasjonspunkt og gjera tiltak i høve dette • Varsle Renovest ved oppstart
Trafikale forhold	• Skal greiast ut
Landskap/terreng	• Landskap og terreng skal attførast på best mogleg måte
Friluftsliv	• Skal kommenterast
Kulturminne	• Det ligg SEFRAK-registrerte bygningar langs og i planområdet, desse skal takast hensyn til.
Naturmangfald	• Artar av nasjonal forvaltningsinteresse i planområdet (Hagelupin)
Landbruk	• Der ligg dyrkbar jord og dyrka mark i planområdet, dette skal kommenterast og vurderast
Forureining og vassmiljø	• Ein må syte for å hindre forureining, særlig under anleggsperioden
Vassdrag	• Skal takast hensyn til
Universell utforming	• Skal kommenterast
Barn og unges interesser	• Skal vurderast, slik som trafikksikkerheit under anleggsperioden og i driftsperioden
Eldre sine interesser	• Skal vurderast, slik som trafikksikkerheit under anleggsperioden og i driftsperioden
Klima – CO2-utslepp	Må føre arealrekneskap og rekneskap for klimagassutslepp ved endre arealbruk. Nytte miljødirektoratets verktøy og metodikk for utrekning https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/beregne-effekt-av-ulike-klimatiltak/
Klimatilpassing	• Klimatilpasningstiltak der det er relevant
Naturfare – flaum, skred osb	• Der er nokre aktsomhetsområder som må greiast ut: 1. Aktsomhetsområde sno- og steinsprang 2. Aktsomhetsområde jord- og flaumskred

	3. Aktsomhetsområde flaum 4. Aktsomhetsområde snoskred 5. Aktsomhetsområde steinsprang
Risiko og sårbarheit	• ROS-analyse skal gjennomførast
Støy	• Støyberekningar skal gjennomførast under anleggsperioden og i driftsperioden

Varsel om oppstart
Varsel om oppstart sendast aktuelle grunneigarar, naboar, hytteeigarar, hyttevel og organisasjonar og offentlege instansar. Det skal varslast i Vest-Telemark Blad, på kommunens heimeside og på facebook.
Varsel om oppstart skal gjere greie for formålet med planarbeidet, og tilhøvet til overordna planar. Brevet skal innehalde info om gnr/bnr og totalt tal da. Brevet skal innehalde oversiktskart, og vise planområdet. Referat frå oppstartsmøte må liggje ved. Vurdering av behovet for KU må liggje ved. Regionale instansar skal ha epost med dokument som vedlegg, inkl. sosi-fil av planområdet [1].
Kommunen skal ha sosi-fil av planområdet.

Framdrift
Bruk av PBL § 3-7 vil handsamast i Plan- og miljøutvalet 25. Januar og kommunestyret 9. Februar, då bruk av paragrafen ikkje er delegert.

Kostnader
Forslagsstiller tek kostnadene med utarbeiding av planframlegg og revisjonar heilt fram til og med endeleg vedteken plan. Avtalen mellom forslagsstiller (konsulent) og oppdragsgjevar (utbyggar) skal ta høgde for dette, eventuelt skal dette om nødvendig setjast opp i eigen avtale mellom oppdragsgjevar og kommunen.
Kommunen dekker kostnader i samband med klage.

Krav til plan	
1 gongs handsaming, offentleg ettersyn og vedteken plan:	Plankart i sosi og pdf. Føresegner og planomtale i separate dokument i pdf og word. ROS-analyse.
Sosi-filer skal leverast i til ein kvar tid gjeldande standard, for tida 4.5.	

Departementen har laga «Nasjonal mal for reguleringsplanbestemmelser». Bruk desse : https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/veiledning-om-planlegging/test-maler-for-behandling-av-reguleringsplaner/id2413265/

Planomtale

[1] 2 Vestfold og Telemark fylkeskommune, post@vtfk.no, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, sfvtpost@statsforvalteren.no, Statens vegvesen region sør, firmapost-sor@vegvesen.no, Mattilsynet, internpost.telemark@mattilsynet.no , og NVE, rs@nve.no (må bli beden om å uttale seg spesielt om flaum, skred osb..)

Skal ha eit kapittel om konsekvensar for VA og kommunale anlegg, inkl. vurdering av finansiering/utgifter. Sjå Ny forskrift for brann og beredskap 1.1.2016– konsekvensar for planlegging og ROS-analyse (tetthet, tilkomst).
Skal ha eit kapittel om konsekvensar for grønstruktur, stigar, løyper , ferdselskorridorar, med kart som viser a. tilknyttinga til overordna stinett (sommar) og løypenett (vinter) før utbygginga b. det same etter utbygging
Skal innehalde tal nye hyttetomter, totalt tal da, og liste med tal da for alle arealformål (arealoppgåve). (Vedlegg til endeleg vedteken plan)
Skal ha framlegg til vegnamn dersom ny veg med > 6 tomter.

Meir om innhaldet i planframlegget *(ta ut det som ikkje er relevant)*
Eigedomsgrensar som skal vere grense for planområdet bør kvalitetssikrast før planavgrensinga blir endeleg fastsett.
Vegar skal prosjekterast, med unntak av der det er tilnærma flatt terreng.
Vegstandard – Landbruksveg klasse 3 . Samlevegar i større felt bør vere breiare. Stikkvegar til maks 5 hytter kan vere smalare og brattare. Det er eit krav at ein skal kunne komme fram mot alle hytter med brannbil og andre utrykkingskøyrety. Det er òg viktig å tenke på auka nedbør når ein dimensjonerer stikkrenner osb.
Kjørebane + grøft, fylling og skjering bør regulerast.
Statens vegvesen har utarbeidd nye rutinar for fråvik frå vegnormalar når andre enn Statens vegvesen lagar arealplanar. Sjå brev datert 11.12.15, ephorte sak 15/3551.
Kulturminne : Uavhengig av om det er registrert aut. freda kulturminne i området, og om dei skal gravast ut eller ikkje, bør det i alle planar for utbygging vere eit pkt i fellesføresegnene om meldeplikta : "Dersom ein ved tiltak i marka treffer på automatisk freda kulturminne, må ein straks stanse arbeidet og varsle den regionale kulturminneforvaltninga, jf. § 8, 2. ledd i kulturminnelova av 9. juni 1978."
I planar der utnyttingsgraden er høg, og terrenget utfordrande, bør ein vurdere føresegner om rekkefølge : «infrastruktur (veg, vatn, avlaup, overvatn) skal vere ferdigstilt i tråd med reguleringsplanen for byggjeløyve blir gitt». I slike planar bør ein òg vurdere om ei skal ha føresegner om krav til søknad om byggjeløyve og søknad om ferdigattest, jf Fjellsteggen... Alternativt plasserings- og beliggenhetskontroll jf fellesmøte 14.04.20..
Ein børe vurdere kva for arealformål som høver utanfor byggeområde. Landbruksområde passar berre der det er reelt at det kan drivast skog td., eller om grunneigar vil styre hogst av tre sjølve. Tenk på kva ein vil oppnå med formålet – kva er hovudomsynet ? Det bør uansett vere mogleg å gjennomføre tiltak knytt til hyttebygginga (td. garasje til oppbevaring av utstyr for diverse vedlikehaldsutstyr av hyttefeltet i området).
Tomtegrensar skal visast som juridisk bindande.
Vinterparkering : sjå reguleringsaker Maurbu, Kromviki og Torvebeitet

Info om vidare sakshandsaming
Veg- og VA-anlegg er søknadspliktige i tråd med Pbl § 20-3, jf. Pbl § 20-1 a) og l)[2].

[2] §20-3 viser til at det er krav om ansvarlege føretak medan §20-1 viser til dei søknadspliktige tiltaka. Det står lite om søknadsplikt for slike anlegg i gjeldande saksbehandlingsforskrift – SAK 10 – men gamle SAK 97 er vidareført:
Anlegg av veg eller parkeringsplass er søknadspliktig, uansett om det krever inngrep i terrenget eller ikke. Det er selve formålet i seg selv som det er viktig å få vurdert, i tillegg til de andre konsekvensene tiltaket innebærer, større eller mindre terrenginngrep, trafikk m v. "Veg" omfatter ikke bare vanlige kjøreveg-er, men også anleggs- eller hytteveger, turveger, skiløypetraseer o l.
VA-anlegg er eit teknisk anlegg og er etter dette søknadspliktig.